



Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dato: 19.05.2025  
Vår ref: 25/02367-2  
Deres ref: 24/315539-5

## Fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for rv.36 Hønså bru i Midt-Telemark kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) syner til ovannemnde sak, datert 4. april 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

### Om saka

Statens vegvesen varslar om oppstart av planarbeid med detaljregulering for Rv 36 frå Verpe til Manheimsstrondi. Målet med planarbeidet er å legge til rette for nye Hønså bru over Bjønndøla og gode planløyningar på begge sider av vassdraget. Vegbreidda skal utvidast til 9 meter. Statens vegvesen forventar at regulert areal blir redusert i forhold til varslingsgrensa.

### Fråsegn frå DMF

Varsla plangrense strekk seg igjennom sand- og grusførekomsten Herremoen, registrert i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin grus- og pukkdatabas<sup>1</sup>. Førekomsten er registrert med lokal betyding. Det er per i dag drift i to masseuttak tilknytt førekomsten, Herremo og Øveråsli. Begge uttaka er tildelt driftskonsesjon etter minerallova, Herremo fekk tildelt konsesjon 10.06.2017 og Øveråsli fekk tildelt konsesjon 11.03.2013<sup>2</sup>. Begge uttaksområda er regulert til *steinbrot og masseuttak* i

---

<sup>1</sup> Grus- pukkk – og steintippdatabasen, førekomst Herremoen (NGU):

[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=60602](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusPukkDeponiOmr.php?objid=60602)

<sup>2</sup> Konsesjonskart for Midt-Telemark kommune (DMF):

<https://dirmin.no/data/konsesjoner?sok=&kommune=midt-telemark&fylke=>



områdereguleringsplan for Bø vassverk Herremo. Same område er i kommuneplanen sin arealdel sett av til råstoffutvinning. I vedlagt notat med vurdering av behov for konsekvensutgreiing, er det vist til at områdereguleringa blir rørt av nytt planforslag. Det er i notatet vist til kva for regulerte arealformål i områdeplanen som kjem i berøring med planforslaget. Det kjem derimot ikkje fram at planforslaget rører ved areal regulert til steinbrot og masseuttak, og konsesjonsområde etter minerallova. DMF stiller spørsmål til kvifor det ikkje er nemnd i utgreiinga at eksisterande plan omfattar konsesjonsområde og område regulert til masseuttak. Der det er regulert for masseuttak, vil nye tiltak som kjem i direkte røring med regulert uttaksområde og tilhøyrande anlegg kunne påverke moglegheita til å drive uttaket som føreset. Slike tiltak kan og vere til hinder for moglegheita til å utvikle uttak i framtida.

### **Fagleg råd til konsekvensvurdering**

Det er vurdert at tiltaket ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing, vedlegg II. Etter § 10 b) som gjeld mineralressursar, er det vurdert at planforslaget ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing for dette punktet, etter som området tilsynelatande ikkje rører ved mineralressursar av nasjonal eller regional verdi. Planområdet rører ved to masseuttak i drift, noko som indikerer at det går føre seg uttak på drivverdig mineral. Mineralske ressursar er ikkje-fornybare naturressursar som berre kan takast ut der dei finst naturleg. Etter DMF sitt syn tilseier dette at området er omfatta av viktige mineralressursar og det er dermed DMF sitt **faglege råd** at det blir gjort ei ny vurdering av krav til konsekvensutgreiing.

Vurderinga etter § 10 b) er og grunngjeve med at tiltaket skal nytte eksisterande vegareal, samtidig er det i beskrivinga av tiltaket opplyst om at vegbreidda skal utvidast. Vi ber her om at det blir gjort greie for korleis utviding av vegareal skal gå føre seg langs uttaksområda. Det må gå tydeleg fram av planen korleis vegarbeidet påverkar noverande og framtidig drift i uttaka. Planforslaget må legge opp til løysingar og avbøtande tiltak som sikrar vidare uttak av ressursen i dei eksisterande uttaka. Dersom planforslaget ikkje tilstrekkeleg tek omsyn til dei rørte konsesjonsområda eller gjer greie for konsekvensane tiltaket vil ha for eksisterande uttak av mineralressursar, vil DMF vurdere å gje motsegn til planen.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du også vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*



Saksbehandler: Karoline Walsøe Egholm

Mottakere:

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER



STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Astrid Lie Olsen, 33371085

## Standardisert fråsegn - oppstart - reguleringsplan - Midt-Telemark - Seljord - detaljregulering for Rv 36 Manheimsstrondi - Hønså bru - planID 202501

Vi viser til oversending av varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan.

### Om Statsforvaltarens standardiserte fråsegn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har for tida stor pågang av saker. På grunn av begrensa kapasitet har vi dessverre ikkje kunna gjere konkrete vurderingar av dette reguleringsvarselet. Vi sender derfor ei standardisert fråsegn med nasjonale interesser som vi forventar at blir varetatt i det vidare planarbeidet. Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga. Dersom det er konkrete forhold ved ein plan som kommunen ønskjer at Statsforvaltaren skal ta stilling til, ber vi om at de kontaktar oss, så vil vi sjølv sagt hjelpe til med det.

Vi ber om å få planforslaget oversendt til offentleg ettersyn.

### Rolla til Statsforvaltarens fagavdelingar

Statsforvaltarens fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningsloven § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser, og gravplassar.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021, som inntil vidare vidareførast med Telemark fylkeskommune. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

### Nasjonale interesser som må følgjast opp i planlegginga

Under følgjer ei forenkla oversikt over nasjonale interesser som vi forventar at blir varetatt i planlegginga. Ikkje alle omsyna vil vere relevante i den einskilde saka. **Vi minner særskilt om dei to**



**nyleg vedtekne statlege planretningslinjene: *Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og Statlige planretningslinjer for klima og energi*. Desse må følgjast opp i planlegginga.**

#### Landbruk

Jordvern som nasjonal interesse har fleire gonger blitt styrkt dei siste åra. Omdisponering av dyrka jord må unngåast. Dette gjeld fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Jordvernet inkluderer dyrkbar jord, som også må varetakast. Det må vidare sikrast tilstrekkeleg buffersone mot dyrka og dyrkbare areal. Vi viser til det nye rundskrivet M-1/2025 om nasjonale jordverninteresser. Jf. punkt c i rundskrivet kan landbruksdirektøren komme til å vurdere motsegn også til omdisponering av dyrka/dyrkbar jord som er avsett i overordna planar, dersom det har komme nye relevante styringsdokument etter at desse planane vart vedtekne.

#### Naturmangfald

Planen må vareta naturtypar og artar av nasjonal og vesentleg regional interesse. Kva dette omfattar, er gitt i punkt 3.6 i rundskriv T-2/16 *Nasjonale og vesentlige regionale interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*. Eksisterande registreringar av artar og naturtypar ligg m.a. i Miljødirektoratets Naturbase. Planen må også vareta omsynet til verneområde, samanhengande naturområde med urørt preg og geologisk naturmangfald. Det må sikrast tilstrekkelege buffersoner mot viktige naturførekomstar. Mot naturtypar i skog bør det sikrast ei buffersone som minst svarer til høgda på utvaksne tre i området.

Dersom det ikkje ligg føre naturtypekartlegging innanfor planområdet, bør dette gjennomførast i samband med planprosessen. Vi forventar at det blir gjennomført kartlegging dersom planområdet har potensiale for naturverdiar av nasjonal interesse. Dette kan t.d. vere viss det er eldre skog der, førekomstar av edellauvskog, eller kalkgrunn, eller viss det er registrert viktige naturverdiar i nærliggjande område. Ny kartlegging må gjennomførast etter NiN-metoden. Manglande kartlegging kan gi grunnlag for motsegn frå miljødirektøren. Resultata frå kartlegginga må leggjast til grunn for planforslaget, og naturverdiar av nasjonal og vesentleg regional interesse må varetakast.

Ved nærleik til verneområde må omsynet til desse bli tilstrekkeleg utgreidd og vareteke.

Eventuelle hole eiker (etter forskrift om utvalde naturtypar) må varetakast og sikrast i planen med ein omsynssone med radius 15 meter frå senter av stammen. Innanfor omsynssona må byggje- og gravetiltak unngåast, samt påfylling av massar, køyring med tunge maskiner og anna som kan skade eika.

#### Klimagassutslepp og karbonrike areal

Vi viser til nye *Statlige planretningslinjer for klima og energi*, som må følgjast opp i planarbeidet. Vi minner særskilt om punkt 4.3 e) i retningslinjene, der det heiter at «Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative arealer skal vurderes, og konsekvenser skal belyses».

#### Samfunnstryggleik

Alle planar skal ha ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av den planlagde utbygginga, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Resultata frå ROS-analysen skal leggjast til grunn for planforslaget. Område med risiko og sårbarheit skal avmerkast i planen som omsynssone. Utgreiing av farar og tiltak mot farar kan ikkje skyvast på til byggjesak.



### Klimatilpassing

Det må i planlegginga takast omsyn til forventna framtidige klimaendringar, som blant anna kan gi auka utfordringa knytt til overvatn, flaum, erosjon og skred. Betydinga av grønne område og intakt natur for klimatilpassing må vektleggast, og naturbaserte løysingar for overvasshandtering må vurderast. Vi viser til nye *Statlige planretningslinjer for klima og energi*.

### Støy

Vi føreset at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) blir lagt til grunn for planarbeidet, og at omsynet til støy blir tilfredsstillande utgreidd og varetatt i samsvar med retningslina. Dette gjeld både ved planlegging av ny støyfølsam utbygging, og ved tilrettelegging for ny støyande verksemd. Støy i anleggsfasen må også varetakast.

### Forureina grunn

Planen må ta omsyn til kunnskap om forureina grunn (Grunnforurensningsdatabasen) eller mistanke om dette, og kva for type forureining det er. Område med forureina grunn skal visast med omsynssone. Ved ny arealbruk i område med forureina grunn må det gjennomførast miljøtekniske undersøkingar og risikovurdering. Vi viser til forureiningsforskrifta kapittel 2.

### Vassdrag og vassmiljø

I 100-metersbeltet langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vi minner også om ivaretaking av kantvegetasjon langs vassdrag, jf. vassressurslova § 11.

Vassførekomstar skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at dei skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand. Vi viser til miljømåla i vassforskrifta §§ 4 og 5, samt § 12. Vi viser også til Regional vannforvaltningsplan.

For verna vassdrag må *Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag* leggast til grunn i planlegginga. Omsyna i punkt 3 i dei rikspolitiske retningslinjene må leggast til grunn innanfor område for verna vassdrag, og gjeld for hovudelver, sideelver, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av desse, jf. punkt 1.

### Avløp

Avløpsvatn frå planområdet må giast tilfredsstillande reinsing, slik at det ikkje fører til forureining eller forringing vassførekomstar. Avløpsreinseanlegg det er aktuelt å kople seg til, må overhalde krav til reinsing og andre krav etter forureiningsregelverket, og ha nok kapasitet til planlagt utbygging.

### Friluftsliv

Planen må vareta område klassifisert som viktige eller svært viktige friluftsområde, jf. Miljødirektoratets Naturbase, samt andre område som er vurdert å ha nasjonal eller viktig regional betydning som friluftsområde. Planen må sikre allmennheitas tilgang til viktige friluftsområde, område langs sjø og vassdrag, og stiar/løyper.

### Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Vi viser til *Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet*. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremje kompakte byar og tettstader som styrker gange, sykkel og kollektiv som transportformer. I byar og tettstadsområde bør det leggast vekt på høg arealutnytting, fortetting og transformasjon.



### Andre nasjonale interesser

I planarbeidet må det også takast omsyn til:

- Landskap, jf. plan- og bygningsloven § 3-1 bokstav b, Europarådets landskapskonvensjon og punkt 3.9 i rundskriv T-2/16
- Lokal luftkvalitet, jf. *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging*, T-1520/2012
- Universell utforming, jf. plan- og bygningsloven § 1-1
- Storulykkebedrifter, jf. avsnittet om samfunnstryggleik og punkt 3.13 i rundskriv T-2/16
- Gravplassar, jf. gravplassloven, gravplassforskrifta, rundskriv Q-06/2020 og rettleiaren *Gravplassrådgivningen*
- Barn og unges interesser, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging* og rundskriv T-2/08 *Om barn og planlegging*

Med helsing

Astrid Lie Olsen  
plansjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMAR
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO



STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010, Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

**Seksjon Samfunn og plan**

Vår dato: 12.05.2025  
Deres dato: 04.04.2025  
Vår referanse: 25/09623-2  
Deres referanse: 24/315539-5  
Vår saksbehandlar: Stine Nyheim Folseraas

## **Innspel til varsel om oppstart av reguleringsarbeid - Hønså bru - PlanID 202501 - Midt-Telemark og Seljord kommune**

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 04. april 2025 med varsel om oppstart av reguleringsplan for RV36 Hønså bru i Midt-Telemark og Seljord kommune. Frist for innspel er sett til 12. mai 2025.

### **Føremålet med og bakgrunnen for planarbeidet**

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny bru over Bjønndøla med gode planløysingar på både sider av vassdraget, samt utbetring av strekninga elles til 9 meter vegbreidde.

Planområdet er på ca 380 daa, men endeleg storleik blir avklart i planarbeidet. Det er opplyst at det er avsett godt med areal innafor planområdet for å ha tilstrekkeleg areal.

Innanfor kunngreringsgrensa for reguleringsplanen er områdereguleringsplan for Bø vassverk av 21.05.2012 (Plan ID 02322009), kommuneplan arealdel Midt – Telemark kommune av 16.12.2021 (Plan ID 202001) og kommuneplan arealdel for Seljord kommune av 16.12.2021 (PlanID 20180004).

Planarbeidet er delvis i samsvar med overordna plan, men vil òg påverke område avsett til fritidsbustader og ulike omsynssonar og bandleggingssonar knytt til mellom anna drikkevasskjelder, kulturminne og naturmangfaldlova (jfr referat frå oppstartsmøte).

### **Rollene og ansvaret til fylkeskommunen**

Telemark fylkeskommune har mottatt varsel om detaljregulering i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-8.

Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Innspelet frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltarens tilgang til å fremje motsegn.

### **Innspelet fylkeskommunen har til varselet**

Telemark fylkeskommune vil i punkta nedanfor kommentere på dei delane av planarbeidet som berører ansvarsområda våre:

### **Sektor samfunnsutvikling**

#### **Seksjon samfunn og plan**

##### Regionale planar

- Regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2015-2025 (ATP Telemark)

##### Interessene til barn og unge i planlegging

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging

Omsynet til barn og unge er sterkt forankra i lovverket og nasjonale retningslinjer, jf. plan- og bygningsloven §§ 1-1, 3-1, RPR- barn og planlegging pkt. 4 og 5 og dessutan forvaltningsloven § 17. Fylkeskommunen ber om at arealinteressene til barn og unge blir vurderte og beskrevne i planbeskrivinga og saksutgreiinga.

Dersom planen omfattar leikeareal og andre uteareal for barn og unge skal dei bli tydeleg merka på plankartet, og reguleringsføresegnene skal innehalde føringar om arealstorleik, funksjon og kvalitet. Vi syner til kommuneplanens arealdel for kommunane, og ber om at funksjonskrava til leikeplass og uteareal for barn blir etterfølgde. Vi ber også om at det blir lagt ved sol/skuggediagram som viser korleis leikeareala er klargjort i tida mellom 10-17 i jamdøgn. Dersom slike areal inngår i planen ber om at barnerepresentanten til kommunane blir involvert, og at det går tydeleg fram av saksframstillinga korleis barnerepresentanten har delteke i planarbeidet, jf. pbl § 5-1.

### **Seksjon klima, næring og innovasjon**

#### Jordvern

Det kjem fram av planvarselet at planområdet inneheld forslag om omdisponering av dyrka mark. Dyrka mark av god kvalitet er ein nasjonalt viktig ressurs som kommunen må vareta dersom vi skal nå dei nasjonale og regionale jordvernsmåla. Fokuset på jordvern har dei siste åra vorte strengare. Vi ber om at minst mogleg dyrka mark blir teken. Vi føreset at det ligg ei landbruksfagleg vurdering frå lokal landbruksstyresmakt føre ved offentleg ettersyn, og ei vurdering av om det blir tilrådd å omdisponere den dyrka marka i planområdet. Dersom det blir lagt til rette for omdisponering av dyrka mark i planområdet, skal det utarbeidast ein matjordplan. Denne skal følgje saka når ho kjem til offentleg ettersyn, og blir sikra i reguleringsføresegnene.

#### Vassressursforvaltning

- Regional vannforvaltningsplan for Vestfold og Telemark vannregion

Vi vil minne om *Regional plan for vannforvaltning for Vestfold og Telemark vannregion* for planperioden 2022-2027. Vassforvaltningsplanen beskriver påverknad og tilstand i vassmiljøet, samt miljømål og unntak frå miljømål for alle vassregionens vannforekomstar.

Vassforvaltningsplanen skal leggest til grunn for regionale organers verksemd og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i vassregionen, jf. plan- og bygningsloven § 8-2 og vassforskrifta § 29. Det generelle målet i vassforskrifta er at alle vassforekomster skal beskyttast mot forringelse, forbedres og gjenoppsettast med sikte på at vassforekomstene skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand.

Som det kjem fram av referatet fra oppstartsmøtet har kommunen gjort tiltakshavar merksam på at det er flere vassforekomster innanfor eller i umiddelbar nærhet til planområdet som må hensyntakast i det vidare planarbeidet. Tiltaket er ikkje vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing. Vi forventar allikevel at det gjennom planarbeidet blir gjort vurderingar av potensiell påverknad på vassmiljøet for å sikre at dei planlagte tiltaka ikkje kjem i konflikt med eller vanskeleggjer oppnåelse av miljømåla, jf. vassforskriftens §§ 4-7. Vi ber om at metodikken i veileidar M-1941 eller tilsvarende benyttast. Vi vil i denne sammenheng påpeke at det er begrensa med informasjon om fleire av vassforekomstane i vann-nett og det er derfor ikkje utenkeleg at det må innhentes kunnskap om relevante kvalitetselementar. Vi forventar at utredningen visar kva kvalitetselement som vurderast som sårbare for påverknad fra tiltaket, hvilke kvalitetselementer som er undersøkt, og eventuelt en begrunnelse for hvorfor kvalitetselementer eller vannforekomster ikke er undersøkt. Vi forventar at det kjem tydeleg fram kva for tiltak som anses som naudsynte for å hindre forringing av vassforekomstane, og at desse tiltaka sikrast i den vidare planlegginga.

Fleire av områda langs vassdragene er innafor faresone for flaum og kommunen ber i oppstartsmøtet om at det ikkje leggest til rette for utbygging i disse områda. Kommunen ber i oppstartsmøtet om at dei områda som i dag er berørt av flaum vurderast flyttet. Vi vil i denne samanheng vise til retningslinje 2.1 i vedlegg 7 av den regionale vassforvaltningsplanen som seier at "*Det bør ikke legges til rette for utbygging i områder med risiko for naturfare som for eksempel flom og havnivåstigning.*" som underbygger kommunens ønske om at vegen trekkast vekk frå flaumutsette områder.

Vi minner om at dersom utredningane viser at dei planlagte tiltaka kan forringe miljøtilstanden i vassførekostane, eller gjere det vanskeleg å nå miljømåla, skal planen vurderast etter vassforskriften § 12.

I Regional vannforvaltningsplans vedlegg nr.7 ligg det generelle retningslinjer for arealplanlegging som kan påvirke vannmiljø. Denne lenka kan brukas for å komme til den [Regional vannforvaltningsplan 2022-2027 Vårt verdifulle vann](#).

Vilt og fisk

Me gjer merksam på at fysiske inngrep i vassdrag, der tiltaket ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova, må vurderast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

Forskrifta gjeld uavhengig av plan- og bygningslova, og planprosessen. Fylkeskommunen er styresmakt for strekningar utan laks, sjøaure og/eller kreps, og det må søkjast om løyve. Søknadsskjema ligg på fylkeskommunen sine nettsider.

#### Automatisk freda kulturminne

Innenfor planområdet ligg det fire automatisk freda kulturminner, tre gravrøysar med Askeladden ID 139393, 139390, 139394 og ein gravhaug ID 49044. Vi ber om at det blir teke hensyn til desse vidare i planprosessen. Vår kunnskap om kulturminner i nærområdet samt ei vurdering av landskap og terreng, tilseier at slike kan vere bevart. I samsvar med kulturminnelova (kulml) § 9 må vi difor utføre ei arkeologisk registrering før vi kan gje endeleg fråsegn til planforslaget. Registreringa gjennomførast ved overflaterregistrering, prøvestikk med spade og maskinell sjakting ved hjelp av gravemaskin på utvalde stadar i planområdet.

For sikre ein god planprosess, er det ein fordel at registrering av automatisk freda kulturminne vert gjennomført i god tid før planen blir sendt ut til offentleg ettersyn.

Vi gjer merksame på at arkeologiske registreringar berre kan utførast på bar og frostfri mark. Den arkeologiske feltsesongen er normalt frå midten av april til november. Registreringar blir utførte normalt i rekkjefølgje etter bestillingsdato.

#### Kostnader til arkeologiske undersøkingar og bestilling av arkeologisk registrering

Vi viser til kulturminnelova § 9 om undersøkingsplikta for offentlege og større private tiltak og til § 10 om at utgifter til særskild granskning må dekkast av tiltakshavar. Sjå vedlagde budsjett og vilkår for undersøkinga.

Registreringane er heimla i kulml § 9, og er ikkje å rekne som eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Det betyr at kostnadsoverslaget ikkje kan pålagast, men planstyresmakt/tiltakshavar har høve til å be Riksantikvaren vurdere om overslaget er rimeleg. *Vi ber om at vedlagde skjema vert fylt ut, og at begge sider vert sende attende til oss for bestilling av den arkeologiske registreringa.*

#### Meldeplikt

Vi gjer òg merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stans- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikre seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stans- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette mottakar for ei eventuell melding.

Vi tilrår at meldeplikta vert innarbeidd i fellesføresegnene til reguleringsplanen, og at følgjande tekst vert brukt:

*Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan verka inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune verte kontakta og arbeidet stansast i den utstrekkinga det kan røra kulturminnet. Fylkeskommunen avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan halde fram og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminnelova § 8 andre ledd).*

Sidan deler av reguleringsplanen kjem inn under Norsk Maritimt Museum sitt ansvarsområde, er saka sendt over til NMM for vurdering. I ein e-post/brev datert 29.04.2025 gjev museet følgjande fråsegn:

*Viser til høring av reguleringsplan for Hønså bru, og ettersendt kart.*

*Vegskjæringene kommer til å gå noe ut i vann ved Herretjønn som ser ut til å være en meandert del av Bøelva, og i Seljordvann ved et kort strekk i langs Manheimstrondi.*

*Vi vurderer ikke saken som så omfattende at det er behov for arkeologisk registrering i vann og har ingen videre merknader til planen.*

Eventuelle spørsmål kan rettast til arkeolog Brynhildur Baldursdottir på telefon 971 10 625 eller [b.baldursdottir@telemarkfylke.no](mailto:b.baldursdottir@telemarkfylke.no)

#### Nyare tids kulturminne

Innafor planområdet ligg det to bygg som er registrerte som eldre enn 1850 (raud SEFRAK-merking), begge i Midt-Telemark kommune. Eit komplett gardstun ligg nord for brua, i Seljord kommune. Desse elementa må det takast omsyn til i planlegginga.

Telemark fylkeskommune har ut frå regionale og nasjonale interesser ingen ytterlegare kommentarar til varselet om oppstart av planarbeidet.

Med helsing

Tor Arne Hellkås  
Seksjonsleder  
Samfunn og plan

Stine Nyheim Folseraas  
stine.nyheim.folseraas@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

Vedlegg:

Budsjettmal-arkeologiske-registreringer-Rv 36 Hønså bru  
Bestillerskjema med vilkår for arkeologisk registrering - Hønså bru

Mottakere:  
STATENS VEGVESEN

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR  
MIDT-TELEMAR KOMMUNE  
SELJORD KOMMUNE

#### Saksbehandler

Stine Nyheim Folseraas - hovedsaksbehandler	tlf. 90 92 54 12	e-post: <a href="mailto:stine.nyheim.folseraas@telemarkfylke.no">stine.nyheim.folseraas@telemarkfylke.no</a>
Anne Skaug Nisi - jordvern	tlf. 48 19 62 61	e-post: <a href="mailto:anne.skaug.nisi@telemarkfylke.no">anne.skaug.nisi@telemarkfylke.no</a>
Lotte Thommesen - vassforvaltning	tlf. 40 62 17 33	e-post: <a href="mailto:lotte.thommesen@telemarkfylke.no">lotte.thommesen@telemarkfylke.no</a>
Ole Bjørn Bårnes - fisk- og viltforvaltning	tlf. 95 07 30 43	e-post: <a href="mailto:ole.bjorn.barnes@telemarkfylke.no">ole.bjorn.barnes@telemarkfylke.no</a>
Brynhildur Baldursdottir - automatisk freda kulturminner	tlf. 97 11 06 25	e-post: <a href="mailto:b.baldursdottir@telemarkfylke.no">b.baldursdottir@telemarkfylke.no</a>


Avsender:  
Mattilsynet  
Postboks 383  
2381 BRUMUNDDAL  
Norge

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER  
Norway



635.82.22

- 5 MAI 2025  
Statens vegvesen



## Mattilsynet sitt fråsegn til oppstart av reguleringsarbeid - Rv 36 Hønså bru

Vedlagt følger brev fra Mattilsynet. Du kan svare på brevet ved å klikke på lenken som følger forsendelsen. Har du mottatt brevet som papirpost oppfordrer vi deg til å lese brevet digitalt neste gang du mottar post fra Mattilsynet.

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref: 24/315539  
Vår ref: 2025/91323  
Dato: 29.04.2025

## Mattilsynet sitt fråsegn til oppstart av reguleringsarbeid Rv 36 Hønså bru

Mattilsynet syner til høyringsdokument datert 4. april 2025 med frist for innspel 12. mai. Dykkar referanse i saka er 24/315539.

### Mattilsynet sin rolle

Som høyringsinstans i planarbeid skal Mattilsynet bidra til at planane tek vare på nasjonale og regionale interesser innanfor områda drikkevatn, plantehelse, fiskehelse/fiskevelferd og dyrehelse/dyrevelferd.

Vi skal gi faglege råd, innspel og fråsegn undervegs i planprosessen. Dersom våre sektorområde ikkje er tilstrekkeleg vareteke i planen, kan vi fremme motsegn til planen.

Rettleiinga tar utgangspunkt i regelverk og nasjonale forventingar for våre fagområde, slik at de kan vareta desse i heile planprosessen og fram til planen er vedtatt.

### Saksopplysningar

Statens vegvesen varslar oppstart av detaljreguleringsplanarbeid for RV 36 frå Verpe til Manheimsstrondi. Strekninga er på om lag 3,3 km. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny bru over Bjønndøla og gode planløyisingar på begge sider av vassdraget, og utbetring av strekninga elles til 9,0m vegbreidde. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutredning.

### Innspel frå Mattilsynet

På Mattilsynet sine nettsider kan de lese vår rettleiar: [Reguleringsplanar og Mattilsynet sitt fagområde – kva må du tenke på?](#)

Skildring og føreseigner i reguleringsplanen må ta fleire omsyn, både til plantehelse, drikkevatn, dyrehelse/dyrevelferd og fiskehelse/fiskevelferd hos akvatiske dyr.

### Drikkevatt

Planområdet er innanfor omsynsonene til Bø vassverk (H110). Vi ser at dette gjeng godt fram i oppstartsvarelet, og det synast til dagens føresegner om at vassverket skal uttale seg. Mattilsynet meiner at det er ei føresetnad at innspel og krav frå vassverket blir tatt omsyn til.

Vi ser også at vassleidningar i planområdet skal tas omsyn til. Det er bra! Det bør i tillegg vurderast om vegarbeidet/anleggsarbeidet skal leggje til rette for auka tilkopling av abonnentar i området, og dette sett i samanheng med at det leggst ned vassleidningar når vegen skal utvidast.

### Fiskehelse/fiskevelferd

Vi registrerer at det planleggast for tiltak i vassdrag i både anlegg og driftsfasen. Vi forventar at planen som kjem på høyring svarer godt ut påverkingar for vassmiljø og fiskehelse/fiskevelferd, og at det settast krav til avbøtande tiltak i føresegna til planen.

Dersom det er relevant bør det gjerast føresegner i planen for å førebyggje overføring av kjent og ukjent smitte. Det må stillast krav til entreprenørar og annan relevant verksemd om vask og desinfeksjon av anleggsmaskinar og anna utstyr før det kan brukast i og nært vassdrag.

### Dyrehelse og dyrevelferd

På generelt grunnlag skal arealplanlegging sørge for at arealbruk ikkje bidrar til unødige påkjenningar og belastningar for dyr.

Dyr skal beskyttast mot unødige påkjenningar og belastningar. Reguleringsplanen kan gjennom føresegner sikre at omsyn til dyrehelse- og dyrevelferd blir varetatt. For eksempel må utbygging og arealendringar bli gjennomført på ein slik måte at dyr ikkje kan komme til skade.

Reguleringsplanen må også ta tilstrekkeleg omsyn til viktige trekkruiter, habitat og viltlevande dyr.

### Plantehelse

Der det er relevant, bør de lage føresegner som kan førebygge overføring av kjent og ukjent smitte med massar av stein, grus, jord med meir.

Ein del planteskadegjerarar og eitt ugras (floghavre) er regulert i lover og forskrifter som Mattilsynet forvaltar. Dette gjeld skadegjerarar som har samfunnsmessige konsekvensar. Planteskadegjerarar kan spreist med jordmassar som blir flytta, med vatn, eller med maskiner med jord, frø og andre planterestar. For å hindre smitte og spreiiing av plantesjukdommar og planteskadegjerarar bør det bli utforma føresegner i planen som hindrar dette. Dette kan vere føresegner retta mot dei som skal utføre arbeid i planområdet.

Vi syner til Miljødirektoratet for informasjon og krav retta mot handtering av framande artar. Dette forvekslast ofte med Mattilsynet sitt regelverk.

Mattilsynet ber om å få oversendt dokumenter i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Ingrid Flatland  
spesialinspektør

Asle Michael Fremgård  
avdelingssjef

*Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved*

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR



82.3.L

82-5-1ab647b-9a36-44b1-a02d-f88d8c1bc026-362636#615



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010  
2605 LILLEHAMMER

**Vår dato:** 05.05.2025

**Vår ref.:** 202508709-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:** 24/315539-5

**Sakshandsamar:** Astrid Flatøy,  
22959768, asfl@nve.no

## **NVEs innspel - Varsel om oppstart - Detaljreguleringsplan for rv. 36 frå Verpe til Manheimsstrondi med ny Hønså bru over Bjønndøla - Midt-Telemark og Seljord kommuner**

Vi viser til brev datert 04.04.2025. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplanarbeid for Rv 36 frå Verpe til Manheimsstrondi. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ny bru over Bjønndøla og gode planløyningar på begge sider av vassdraget, og utbetring av strekninga elles til 9,0 m.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndighet med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

### **NVEs innspel**

Vi vil viser til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVEs rolle som statleg myndighet for flaum- og skredfare i samband med arealplanar for samferdsleanlegg, inneber å gi råd og rettleiing knytt til faren, og sjå etter om faren blir utgreidd godt nok til å vurdere fare knytt til områda rundt. Avskjering av vassvegar, endra terrengforhold med meir, kan føre til auka fare for omgivnadane. Sikkerheita og sikkerheitsnivået for sjølve veg- og baneanlegget føreset vi at samferdsleietatane varetar i samsvar med eigne handbøker og liknande.



### *Skred- og flaumfare*

Det går fram av referatet frå oppstartmøtet at grunnforhold/ områdestabilitet skal bli greidd ut, og at området er flaumutsett frå Bøelva og ligg delvis i omsynssone flaum frå NVE. Flaum frå Bjønndøla er ikkje vurdert, og må bli greidd ut.

### *Omsyn til verna vassdrag og kantvegetasjon*

Elva er en del av det verna vassdraget Lifjellområdet. Vi viser til [016/6 Lifjellområdet - NVE](#) og [Dei rikspolitiske retningslinene](#) for verna vassdrag tiltaket. Ein mål unngå inngrep som reduserer verdien for landskapsbilde, naturvern, friluftsliv, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø.

Når planen inneber inngrep i vassdraget må det gjerast greie for om det er knytt allmenne interesser til vassdraget, og korleis inngrepet påverkar desse interessene. Det må gjerast greie for eventuelle kompensierende tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser. De må gi føringar i planen for å minimere verknad av inngrep.

Aktsemdsplikta i vassressurslova § 5 pålegg at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser. Døme på allmenne interesser er den frie gongen til fisken, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, omsyn til kultur og landskap, jordvern, omsyn til flaum og skred.

Der kantsona vert ramma må denne reetablerast. Vi viser til [NVEs rettleiar 2/2019 Kantvegetasjon langs vassdrag](#) for betydninga av kantvegetasjon langs vassdrag, skjøtsel av kantsona mm. Kommunen kan etter vrl. § 11, 2. ledd fastsetje breidda på kantsona. Innskrenking av kantsona må ikkje føre til endringar i biotopen. Det er no publisert ein ny rettleiar: [Skjøtsel av kantvegetasjon langs vassdrag](#).

### **Generelle råd**

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå.

### **Meld inn fareutgreiingar**

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

### **NVEs oppfølging av planarbeidet**

Dersom planen rører ved NVEs saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert



og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVEs saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVEs saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
seksjonssjef

Astrid Flatøy  
seniorrådgivar

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

**Mottakarar:**

STATENS VEGVESEN

**Kopimottakarar:**


SELJORD KOMMUNE

Midt-Telemark kommune

**Fra:** "Anne-Mette Horntvedt" <annemette.horntvedt@icloud.com>  
**Sendt:** onsdag 7. mai 2025 12:19:25  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** Saksnr: 24/315539  
**Categories:** Marlene

Hei

Her er noen merknader som jeg ber om at det tas hensyn til ved arbeidet med ny bru over Hønsåi og utbedring av RV36.



Lys blå: her er det stikkrenne/kulvert under veien. Denne må flomsikres slik av avrenning av vannet herfra føres sikkert vekk fra min eiendom slik at det ikke blir nye ødeleggelser ved nye hendelser med styrtregn og flom.

Rød: her er det septiktanker med pumpe og spredegrøfter som går ut mot RV36

Blålilla: min vannledning ligger ca her. Usikker på om den er på kartet til Midt-Telemark kommune.


Med vennlig hilsen

Anne-Mette Horntvedt  
Seljordvegen 1226  
Mob.nr. 41 44 70 31

Sendt fra min iPhone

**Fra:** "Björg Østvoll" <bjorgostvoll@gmail.com>  
**Sendt:** onsdag 7. mai 2025 17:36:37  
**Til:** "Torbjørn Holte" <torbjorn.holte@vegvesen.no>  
**Emne:** Reguleringsarbeid ved Hønså bru RV 36

Jeg sender merking av borebrønner og septiktank for  
Manheimstrondi 1529 - 1 borebrønn  
Manheimstrondi 1531 - 1 borebrønn og 1 septiktank.  
Borebrønn har rød runding og  
Septiktank har blått kryss  
Mvh  
Björg Østvoll  
Manheimstrondi 1531



Sendt fra min iPad



Outlook

---

**Saksnr. 24/315539**

---

**Fra** Tore Sognefest <tore@sette.no>**Dato** to. 08.05.2025 15:54**Til** Firmapost <Firmapost@vegvesen.no>Merknader til planarbeid på utviding av vei ved Hønså bru.

Undertegnede bor i Seljordvegen 1225, 3803 Bø i Telemark. Vi vil gjerne få presisere noen forhold som gjelder vår eiendom i forbindelse med planlagt utvidelse av rv 36 ved Hønså bru.

- Vårt store, gule hus bygget i 1937 ligger tett ved veien. Det er ca. 6 meter fra hvit kantstripe til trapp som går opp til inngangsdør/butikkdør, og ca. 8 meter til husvegg. Garasjen ligger i samme linje som huset, men noe lengre fra, siden hus og garasje ikke ligger parallelt med veien. Punktet nærmest veien er hushjørnet nærmest Seljord og Hønså bru. Det er jo selvfølgelig ønskelig fra vår side at utvidelsen kommer på motsatt side av veien.
- Vi driver Solheim Overnatting (via Holidays AS), og får derfor gjester som svinger av fra rv. 36 og inn på 4 oppmerkede parkeringsplasser lengre inne på tomten der hovedinngangen er. Vi må derfor fortsatt ha innkjøring fra rv. 36.
- Vi driver også en gave/interiørbutikk med egen trapp og dør mot rv 36. Disse parkerer gjerne foran butikken. Hvis veien utvides mot vårt hus, vil dette også berøre muligheten for å parkere foran butikken.
- Bussen Skien-Seljord pleier å stoppe foran vårt hus, selv om det ikke er et etablert busstopp her. Siden dette er det eneste stedet på sletta før broen bussen kan kjøre til siden, ønsker mange å gå av her, fordi det letter adkomsten til boligene og Hegna Landhandel/campingplass. Mange reisende vegrer seg for å gå over Hønså bru på grunn av mye trafikk og mangel på gang/sykelsti i området. Det er helt greit at bussen stopper utenfor hos oss, men det bør vel legges inn som et etablert busstopp så lenge det ikke er planer om å lage gang/sykelsti. Vi har selv til nå betalt for traktor-brøyting utenfor der bussen stopper, da saltblandet snø fra riksveien er vanskelig å måke vekk med en vanlig snøfreser. Det bør også opprettes et busstopp for østgående busser ved nedkjørsel til Hegna Landhandel. I dag stopper bussen i veikanten og stopper trafikken bak.
- Det er ønskelig med tiltak for å forbedre forholdene for fotgjengere som krysser veien mellom vårt hus/garasje og som skal over hovedveien på vei til landhandelen. Dette gjelder spesielt en person som permanent sitter i rullestol og som krysser veien (bor i Mastedalsvegen 10). For oss er det helt naturlig at beboere bak oss går gjennom vår eiendom for å krysse direkte over til Hegna Landhandel. Det er også en del turister og leietakere på Hegna Camping som benytter turområdene rundt oss og som har behov for å krysse veien.
- Det er ønskelig at den nye broen over Hønså/Bjønndøla ikke blir liggende så høyt at utsikten til trafikk blir redusert. Slik det er nå, ser vi ikke bilene som kommer fra Seljord før de er oppe på broen.
- Hvis trafikken kommer nærmere husveggen, er vi også redde for at støyen økes i forhold til i dag. Vær også oppmerksom på at biler ofte kjører over 60-fartsgrensen, spesielt om natten.

Vennlig hilsen

Tore Sognefest og Kari Seliussen

**Fra:** "Stian Norwall" <snorwall@gmail.com>  
**Sendt:** fredag 9. mai 2025 12:49:17  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** Saksnr 24/315539  
**Categories:** Anne Merethe

Hei! Her kommer noen tanker og innspill etter informasjonsmøte på Hegna Camping 29. april.

Det kom tidlig i møte ett spørsmål om gang og sykkelvei i grenda, som ble avfeid ganske fort. Hvorfor det? Jeg mener det er naivt å ikke tenke på en løsning - ikke bare for akkurat nå - men for tiden som kommer. Når det først blir ny bro og vei i området, måtte det vel vært smart å bygge disse til en standard myntet på fremtiden. Det er allerede stor ferdsel av myke trafikanter i området. Både boende, hytte- og camping-gjester. Per i dag er vi mange i grenda som ikke lar barna gå langs veien for eksempel til badeplassen/bryggeanlegget, eller bare til grendehuset, eller til Hegna Landhandel/Camping. Av den simple grunn at det er for mye trafikk, og som nevnt på informasjonsmøtet, tung trafikk. Det har vært mange nestenulykker her. Vi har to barn som også my krysse både veien og broa for å komme seg på skolebussen om morgenen. I akkurat samme tid som arbeider-trafikken er i gang for fullt. Minstemann i huset var centimeter fra å bli påkjørt her som 3. klassing. Han har siden det selvsagt vært redd for trafikk, og engster seg ofte for å krysse vei og bro i morgentrafikken. Jeg vet ingenting om hvor lang levetid det er på en ny bro, men jeg regner med at man ikke ønsker å bygge ny bro/veg i løpet av de neste 20-30 åra. I denne tiden mener jeg det ville være naivt å tenke at det ikke flytter flere barnefamilier til området som, utover trafikksikkerheten, er en perle. Det er jo også stadig vanskeligere å kunne etablere seg i sentrum av både Bø og Seljord, så fler vil nok måtte etablere seg lenger unna. Ideelt sett ville man jo bygge gang og sykkelsti fra badeplassen/bryggeanlegget, forbi grendehuset til Hegna, kanskje til og med til Verpe. Det ville jo gjort hele grenda/området tilgjengelig for alle. Det er i alle fall noe en bør ha i bakhodet, når en først skal optimalisere trafikksikkerheten i ett område hvor det bor mange familier, mener jeg.

Vi som bor på Hegna sin side av vegen og elva har som sagt barn i skolealder, og vi savner en busslomme for skolebarn. Det er det mange campinggjester vi har snakket med opp igjennom savnet også, på begge sider av veien. Det er også helt tilfeldig hvor ungene blir sluppet av bussen, for ulike sjåførere har ulike tanker om hvor de bør slippes av. Vi har måttet krangle oss til en avtale med busselskap for å få bussene til å stoppe på brua, ved avkjørselen vår, hver eneste år. Hvis familie reiser kollektivt når de kommer på besøk må en også belage seg på hente de med bil overalt i området, for de vet jo aldri hvor de kommer av. Buss lommer og noen tanker og gode løsninger rundt dette, er ikke bare noe jeg mener, men noe jeg forventer.

Det ble nevnt både ved etablering av beredskapsbro, og på informasjonsmøtet at avkjørsler til oss rundt broa sannsynligvis blir flyttet. På ett tidspunkt ble det montert nytt rekkverk/autovern på broa som blokkerte oversikten vår fra Seljord når vi skulle ut på veien. Det ble jo også en prosess å få utbedret dette. Da beredskapsbroen var klar var det etablert en flat, oversiktlig og bred nok avkjørsel fra riksvegen. Like etter ble det klaget på avkjørselen, fordi den bygget inn på området hvor Hegna Camping's avfallscontainere er plassert. Så plutselig var den redusert såpass at det var like vanskelig å komme seg både av og på riksvegen. Da vi klaget inn dette kom det en

representant for vegvesenet, og han hadde like mange fargerike gloser å komme med om denne avkjørselen som oss. Når det nå er muligheter for at det blir forandringer, så forventer jeg at vi blir inkludert i prosessen, og at en slipper å ha disse strafferundene i ettertid. Men det viktigste for oss er at det blir gode løsninger for avkjørsler i området, for de som passerer på riksvegen, og for de som vil av og på den, samt alle myke trafikanter i området. Nå som vi har beredskapsbroen her, er det helt katastrofalt dårlig sikt over broa, og når vi kommer kjørende fra Bø, så er det komplett umulig å se om det kommer kjøretøy lavere enn lastebil og buss, på den andre siden før i det sekundet du skal svinge av. Her har vi hatt noen interessante opplevelser, og ikke av den gode sorten. Dette er jo en midlertidig løsning, det forstår vi. Så ny veg å bro er vi komfortable med å tenke at blir trygg og sikker for alle i trafikkbildet.

Når det gjelder anleggsperioden her, spesielt med tanke på bygging av ny bro, og ny etablering av beredskapsbro og midlertidig veiløp, håper jeg det blir tenkt ut løsninger som fungerer for alle oss som bor her, og kanskje spesielt for de som har barn som må krysse veien og broa for å komme seg til skolen. Ungene her ute må jo krysse veien og broa for å komme seg til venner og klassekamerater også, så det vi være trist om dette ikke lar seg gjøre under arbeidet. Utover det, har vi full forståelse for at veien/avkjørslen i perioder kan være stengt, men har ett stort ønske om at vi får beskjed på forhånd, slik at man kan få bilen ut før dette, så man ikke bli avskåret fra jobb, butikk, lege etc.

Jeg runder av dette med å understreke at - her bor det barn! Barn som leker i områdene både begge sider av vegen og begge sider av elva. Når barn er en del av trafikkbildet, bør barn komme høyt på prioriteringslisten, for barn er det svakeste punktet i trafikken. Det er det vel liten tvil om. Nå når dere skal skape dette stykket vei for alle trafikanter - skap det så trygt det er mulig å skape det. Jeg gjentar - her bor det barn!

Med vennlig hilsen

Stian Norwall-Nielsen  
Manheimstrondi 1537  
3805 Bø i Telemark  
98418715  
[snorwall@gmail.com](mailto:snorwall@gmail.com)

**Fra:** "Alf Kjetil Runningen" <higland3@outlook.com>  
**Sendt:** søndag 11. mai 2025 12:44:07  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** 24/315539  
**Vedlegg:** Merknader R36.pdf  
**Categories:** Randi

Hei,  
Til den det måtte gjelde.

Med referanse til deres brev av 04.04.2025 (24/315539-7).

Vedlagt ligger mine merknader som eier av Gr.nr 10 br.nr 1 i Seljord kommune til detaljreguleringsplanarbeid for Rv 36 fra Verpe til Manheimsstrondi.

Antar dere allerede har det, men legger også med to kart for informasjon som jeg har fått av Vest-Telemark Kraftlag i forbindelse med ned- graving av fiberkabel og kraftlinje.

Det ble også for mange år siden lagt en kobberkabel/ISDN? Linje i Seljordsvatnet og over jordet mitt opp til koblingsboksen ved innkjøringen. Om denne linjen fortsatt er i drift vet jeg ikke. Finner heller ikke noe kart på den.

Det blå skraverte arealet på det vedlagte merknadskartet, er et rest-areal jeg eier etter at det ble solgt grunn til busslommen tilbake i november 2000. I forbindelse med salget ble det lovet at jeg skulle få et Grunnoppmålingskart (ref 1999/02728-002), det kan jeg ikke se at jeg har fått. Så har jeg glemt det av og tiden har gått, men vi kan vel få ordnet opp i dette forholdet som en del av detaljreguleringsplanarbeid for Rv 36.

Mvh


Alf Kjetil Runningen

Tlf + 47 95 00 77 67

Email: higland3@outlook.com

24/315539-7


Merknader for Gr.nr 10 br.nr 1 i Seljord kommune til detaljreguleringsplanarbeid for Rv 36 frå Verpe til Manheimsstrondi.:



### Fiber Kabel: Vest-Telemark



### Nedgravd høyspent linje: Vest-Telemark kraftlag



**Fra:** "ANUND FAerSTAUL" <faerstau@online.no>  
**Sendt:** søndag 11. mai 2025 17:03:49  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** saksnr. 24/315539

Innspill til sak 24/315539.

Gjelder avkjørsel v/Hønså bru til gardsnr.9, bruksnr. 32 i Seljord kommune.

Etter at Hønså bru ferdigstilles, vil vi gjøre dere oppmerksomme på at avkjørselen må utarbeides etter gjeldende lov og forskrift "Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg". Vi har et spesielt fokus på pkt. II,3. Man må også passe på at det blir god oversikt når vi skal kjøre ut på Rv 36.

Mvh  
Anund og Anne Kristin Færstaul

**Fra:** "Elin Bollandsås" <nileboll@gmail.com>  
**Sendt:** mandag 12. mai 2025 00:44:42  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** saks nr. 24/315539

Vi mener at det er behov for :

Busslommer i begge retninger og med busskur,tenker da i 60 sona ved høsåbru.retning Seljord.Pr  
i dag ligger det en på høyre side,den blir brukt av skolebarn til og fra Seljord.

Gang og sykkelvei fra Hegna camping til vefallstranda.

Se på adkomst til vår eiendom (manheimstrondi1524)

Mvh  
Elin Bollandsås

**Fra:** "Gunn Asborg Botnen" <gunnbotnen@icloud.com>  
**Sendt:** mandag 12. mai 2025 22:23:04  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** Utbedring av veg RV 36v VefaldBrekke

Ang. Utbedring av RV 36 v/ Vefall Brekke saksnr. 315539

Viser til møte på Hegna camping .  
Planleggingsleder Torbjørn Holte + flere, viste oss og forklarte om planene for utbedring av veien.  
Der var kart som vi kunne notere og vise hva som var viktig for oss, og å bl.a. endre på.  
Det var også viktig at dette ble sendt skriftlig.

Bredding av veien.

Lage gang og sykkelvei slik at barn, unge og voksne trykt kan komme seg gjennom grenda , til badeplass og båt plass, på aktiviteter på grendehuset eller camping, eller andre steder i grenda. Barn og voksne savner dette veldig. Det er med livet som innsats å sykle og gå langs hovedveien.

Både store og små biler holder ikke avstand til gående eller syklende. Flere ganger er vi pressa ut i grøfta.

For noen år siden ble det drept en syklist som skulle hjem etter arbeid i sommarland. Det var ved skytterbanen, der det er mest oversiktlig.

Gang og sykkelvei bør gå fra brua i Øvre Bø , over Herremo, gjennom sentrum i Vefall/ Brekke , forbi grendehuset og bort til badeplassen v Seljordsvannet. Dette gjør det tryggere for alle å komme seg dit de skal.

Busslommer ;

For barn og voksne som skal til Seljord , er det en busslomme , rett etter oppkjøringa til Brekkegrenda. Alle barna som skal på skole, må gå dit langsetter den farlige, smale veien.

Kommer de fra Seljord, må de gå av i vegakanten, eller at bussen kjører på andre sida av veien inn i busslomma, men da må menneskene gå av bussen ut mot veien. Forbikjøring av bussen skjer stadig og vi hadde en påkjørsel av et barn som ble kasta ut på jordet for den ble påkjørt av en bil. Vedkommende ble skikkelig skadd, ble kjørt til sjukehus i ambulans. Ble varig skadd.

Innkjøringa til Hegna Camping blir også brukt som busslomme. Da må de gå langs hovedveien , oppover eller nedover for å komme dit de skal. Igjen veldig utsatt for trafikken, redsel for å bli påkjørt. Veldig lite tilfredsstillende, En må ofte hente barna ved avstigning.

Det er ønskelig å ha to busslommer på hver side av riksveien.

Svingen;

Innkjøringa og svingen ved sandtaket , før Herremosletta, er veldig skummel. Smal og krevende for billister å manøvrere der.

I tillegg å komme på sykkel eller å gå langs veien der , er med livet som innsats. Mange skumle hendelser fordi det ikke er nok plass og svingen er feil. Den MÅ endres på .

Brua v/ butikken bør senkes . Er ikke oversiktlig. Bør breddes. Gangvei for syklende og gående. Veldig smalt der.

Håper dere ser alvoret i dette og tar hensyn til dette ved planlegging.

Vi som bor her ønsker også å kunne gå og sykle trygt som en ellers gjør i større sentrum som Bø og Seljord. Flere vil komme seg ut på tur vis det blir lagt tilrette.

Støtt opp om valget til de som velger å bo her, gjør det levlige, tryggere, legg tilrette, la barn og unge og eldre få ferdes trygt uten alltid å være redd for å bli kjørt ned og derfor må bruke bil.

Mvh Gunn Botnen

**Fra:** "Reidar Engeset" <reideng@online.no>  
**Sendt:** fredag 9. mai 2025 12:35:31  
**Til:** "Firmapost" <Firmapost@vegvesen.no>  
**Kopi:** "'Fride Engeset'" <frideng@online.no>  
**Emne:** Sak 24/315539 - infrastruktur ved Rv 36 på gården 28/1  
**Vedlegg:** Sak 24 315539.jpeg, Sak 24 315539 - 2.jpeg

Statens Vegvesen

Saksnr. 24/315539 Detaljreregulering Rv 36 Verpe – Manheimsstrondi

Planområdet starter ved landbrukseiendommen Nordigard Verpe gnr 28 bnr 1 i øst.

Ca 300 m på nordsiden langs Rv 36 er det dyrket mark inntil riksvegen. I vedlagte kart «sak 24 315539» er inntegnet og nummerert det som finnes på strekningen:

- På den dyrkede marken inntil Rv36 er det nedgravd vanningsanlegg med 4 toms trykkrør og hydranter for hver 75 m (x) - merket 1 på kartet. Komplette vanningsanlegg ble bygget i 1977 og dekker 100 dekar dyrket mark på 28/1, samt dyrket mark på naboeiendom. Anlegget er anlagt og dimensjonert for bruk av vanningsvogn tilkoblet hydrantene langs Rv36.
- En koblingskum er nedgravd på dyrket mark inntil Rv36 – merket 2. I kummen kobles inntaksledningen fra Bøelva/pumehuset sammen med anlegget på nordsiden av Rv36.
- Pumpehus og inntaksledning er på sørsiden av Rv36 – merket 3.
- Eksisterende stikkrenne under riksvegen – merket 4.
- All drenering i dyrket mark på nordsiden av Rv36 (vist skjematisk) føres inn i to eksisterende stikkrenner under riksvegen – merket 4 og 5.
- Stikkrennene er plassbygget av naturstein og har god høyde.

Henstilling ved planlegging og økning av vegbredde på denne strekningen av Rv36 med dyrket mark på nordsiden: Vennligst legg all breddeutvidelse til sørsiden av Rv36 og forleng eksisterende stikkrenner på sørsiden av riksvegen – merket 4 og 5 – med naturstein.

Vedrørende 2 eksisterende innkjøringer til skogen på gården 28/1 – merket 6 og 7: Vennligst la oss beholde disse innkjøringene som har eksistert i uminnelig tid.

I vedlagte kart «sak 24 315539 – 2» er avmerket 4 eksisterende avkjøringer til Rv36:

- Hovedavkjøringen til gården Nordigard Verpe 28/1 på nordsiden av Rv36 – merket 8
- Gårdsveg/dyrket mark/skog og grustak 28/1 m.fl. på sørsiden av Rv36 – merket 9
- Tiltaksveg, skogbilveg for 28/1 m.fl. på sørsiden av Rv36 – merket 10
- Tiltaksveg/skogsbilveg/gårdsveg for 28/1 m.fl. på nordsiden av Rv36 – merket 11

Bø, 9. august 2025

Fride Engeset, eier gnr 28 bnr 1

Mailadr: [frideng@online.no](mailto:frideng@online.no)

Mobil: 46693017

Spørsmål kan rettes til: Reidar Engeset, Åsenjordet 14, 3801 Bø i Telemark. Mailadr:

[reideng@online.no](mailto:reideng@online.no). Mobil: 95179757

**From:** Bjarte Guddal  
**Subject:** Forslag til regulering Rv 36 Hønså bru, planID 202501 - Varsel om utviding av planområde - tilleggskunngjøring  
**To:** Torbjørn Holte  
**Cc:** Kjetil Vinje; Karoline Knutsen; Lars Ole Thunold; Lars Søfteland; Richard Volhovd; Sandra Cecilie Brueland  
**Sent:** November 17, 2025 2:00 PM (UTC+01:00)

Hei!

Vi oppdaget tilfeldigvis denne saken i en gammel avis. Vi kan ikke se at Skagerak Kraft AS eller Sundsbarm kraftverk DA har fått saken på høring.

Vi er også usikre på om denne saken påvirker våre interesser i området.

Det ligger en limnigraf innenfor planområdet. Se [Hagadrag | Sildre](#).

Vegprosjektet går også gjennom et område som er definerende for flomavledningen i utløpsområdet for Seljordvatn og dermed flomvannstanden i Seljordsvatn.

Vi vet ikke hva som planlegges av tiltak, men planområdet er vist ut mot midtålen i elva. I dette området vil selv mindre innsnevring og tiltak kunne påvirke flomforholdene. Disse forholdene må utredes og legges til grunn for løsninger for utbedring av veggen.

Mvh

**Bjarte Guddal**

Fagleder konsesjoner

\_\_ [Bjarte.Guddal@skagerakerenergi.no](mailto:Bjarte.Guddal@skagerakerenergi.no)  
\_\_ DIREKTE +47 35902155  
\_\_ MOBIL +47 90618687  
\_\_ SENTRALBORD +47 35935000

**Skagerak Energi AS**

Postboks 80  
3901 Porsgrunn

<http://www.skagerakerenergi.no>



STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010, Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

**Seksjon Samfunn og plan**

Vår dato: 29.10.2025  
Deres dato: 03.10.2025  
Vår referanse: 25/09623-11  
Deres referanse: 24-315539-42  
Vår saksbehandler: Stine Nyheim Folseraas

## **Innspel til varsel om utviding av planområde for reguleringsplan - Rv. 36 Hønså bru - planID 202501 - Midt-Telemark kommune**

Telemark fylkeskommune viser til oversend brev datert 03. oktober 2025 med varsel om behov for å utvide plangrense for reguleringsplan for RV36 i Seljord og Midt-Telemark kommuner.

Frist for innspel er satt til 31. oktober 2025.

Vi syner til vårt opprinnelege innspel datert 12. mai 2025, og vil her kommentere konsekvens av utvidinga.

### **Varselets bakgrunn**

Bakgrunn for utvidinga av plangrensa er behov for meir areal enn fyrst anteke. Planområdet utvidast på 6 stader jamfør vedlagde kunngjeringskart.

### **Seksjon kulturarv**

#### **Automatisk freda kulturminne**

Kulturarv har varsla behov for arkeologisk registrering når fylkeskommunen gav sin uttalen til varsel om oppstart av reguleringsarbeidet den 12.05.2025. Registreringa vart bestilt og er påbyrja denne hausten.

Det utvida området ligg innanfor område som tidlegare, i 2010, har vorte undersøkt ved ei arkeologisk registrering. Vi vurderer det som at det er ikkje behov for arkeologisk registrering for det utvida området.

I og med at delar av det utvida planområdet kommer inn under Norsk Maritimt Museum sitt ansvarsområde, er saken oversendt for vurdering. I ein e-post datert 21.10.2025 uttaler museet at dei varslar behov for arkeologisk befaring under vann jf. Lov om Kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kulml) § 9. Hensikten med ei slik befaring er å avklare om det finnes kulturminne under vann innafor planområdet. Kostnadane i forbindelse med ei slik befaring bæres av tiltakshaver, jf. kulml § 10.

Vi ber om at tiltakshaver tar direkte kontakt med Norsk Maritimt museum for nærare avtale om tidspunkt og budsjett for befaringa.

Med helsing

Tor Arne Hellkås  
seksjonsleder  
Samfunn og plan

Stine Nyheim Folseraas  
stine.nyheim.folseraas@telemarkfylke.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.*

Kopi til:  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR  
MIDT-TELEMAR  
SELJORD KOMMUNE

Saksbehandler

Stine Nyheim Folseraas - hovedsaksbehandler  
Brynhildur Baldursdottir - automatisk fredede kulturminner

tlf. 90 92 54 12  
tlf. 971 10 625

e-post: [stine.nyheim.folseraas@telemarkfylke.no](mailto:stine.nyheim.folseraas@telemarkfylke.no)  
e-post: [b.baldursdottir@telemarkfylke.no](mailto:b.baldursdottir@telemarkfylke.no)

**Fra:** Øystein Saga <[oysa@intk.no](mailto:oysa@intk.no)>

**Sendt:** mandag 15. desember 2025 15:18

**Til:** Jyotsna Shrestha <[jysh2001@mt.kommune.no](mailto:jysh2001@mt.kommune.no)>

**Emne:** Innspill til reguleringsplan for Rv 36 ved Manheimstråndi- Hønså bru

Hei.

Jeg har innspill til reguleringsplan for Rv 36 ved Manheimstråndi- Hønså bru, sak 25/7264.

Det er problem med ender som har unger, som blir påkjørt på riksvei 36 ved Herretjønn. Dette skaper også farlige trafikksituasjoner, som jeg blant annet har fått tilbakemelding om.

Årsaken er på grunn av betong autovernet som er her. Det er et behov for at det lages en viltpassasje i betong autovernet for mindre dyr.

En mulig løsning kan muligens være, å sette opp et par områder med vanlig autovern og der heller ha en lav kantstein som hinder for avrenning. Kanten må være slik at det er lett for vilt å passere.

Det er viktig å få på plass viltpassasje med dagens løsning og i fremtidig ombygde vei.

I området på strekningen fra sandtaket ved Herretjønn og til Seljordvegen nr 1000, så er det hjortevilttrekk over veien. Dette må det tas hensyn til ved ombygging av veien.

Jeg har tidligere i år vært i kontakt med Statens vegvesen vedrørende dagens situasjon. De sa at de godt kan lage hull i konstruksjonen. Jeg ble bedt om å ta dette opp i kommunen for å finne en løsning.

Se vedlegg kart og bilder over behov for viltpassasje.


Mvh

**Øystein Saga**

rådgiver

Telefon: 917 59 206

E-post: [oystein.saga@intk.no](mailto:oystein.saga@intk.no)



**Nome og Midt-Telemark  
Landbrukskontor**

[www.landbruketshus.no](http://www.landbruketshus.no)


Kart og bilder over behov for viltpassasje.



Rødt merke i kart ved kummen, angir hvor det kan være aktuelt å ha viltpassasje i dag. Veien heller også ned her, samt at små dyr blir ledet hit fra skogen.







Hjortevilttrekk registrert i eldre viltkart.

## **Merknad til varsel om utvidelse av planområde – Rv 36 Verpe– Mannheimsstrondi**

Fra: Jørund Verpe

Seljordvegen 963

3803 Bø

Grunneier, Gnr. 28 Bnr. 8

Til: Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 Lillehammer

Dato: 08.10.2025

Vedrørende: Varsel om utvidelse av planområde for detaljregulering av Rv 36 Verpe–  
Mannheimsstrondi

Referansenummer: 24/315539-42

Varslingsdato: 03.10.2025

Tidligere varsel: 04.04.2025

Som grunneier av eiendom Gnr. 28 Bnr. 8 ønsker jeg med dette å komme med merknad til varsel om utvidelse av planområdet for detaljregulering av Rv 36. Den varslede utvidelsen innebærer en betydelig økning i arealet sammenlignet med tidligere varsel, og berører nå hele min eiendom på sørsiden av Rv 36, samt store deler på nordsiden.

På sørsiden omfatter utvidelsen hele området hvor det har vært utvinning av grusressurser siden 1970. Det gjenstår fortsatt omtrent 300 000–400 000 kubikkmeter med masser som er planlagt utvunnet. I tillegg strekker utvidelsen seg inn i Bø-elva, hvor jeg har interesser knyttet til ev fremtidige fallretter og fiskeretter. Jeg er uvillig til å avstå denne delen av eiendommen.

På nordsiden av Rv 36 består eiendommen av skog på morenegrunn, med potensial for ressursutnyttelse. Utvidelsen påvirker også grunnlaget for beregning av jaktrett og uttak av vilt.

Jeg stiller meg skeptisk til den omfattende utvidelsen og etterlyser en tydelig begrunnelse for samfunnsbehovet som ligger til grunn. Dersom utvinning av grusressurser stanses som følge av båndlegging, forventer jeg at det gis markedsbasert kompensasjon for de

økonomiske verdiene som går tapt.

Jeg viser til plan- og bygningsloven § 12-8 om varsel ved oppstart av reguleringsplanarbeid, samt §§ 15-1 til 15-3 som regulerer grunneiers rett til innløsning og erstatning ved båndlegging og reguleringsplaner. I henhold til § 15-3 skal kommunen(storsamfunnet/Vegvesen) betale erstatning dersom reguleringsplanen medfører at eiendommen ikke lenger kan nyttes på regningssvarende måte.

Jeg ber om at mine innspill tas med i den videre planprosessen, og forventer at mine rettigheter som grunneier blir ivaretatt i henhold til gjeldende lovverk.

Med vennlig hilsen

Jørund Verpe  
Grunneier, Gnr. 28 Bnr. 8

**Fra:** "Kjetil Hynne" <k.hynne@hotmail.no>  
**Sendt:** torsdag 30. oktober 2025 11:25:54  
**Til:** "firmapost@vegvesen.no" <firmapost@vegvesen.no>  
**Emne:** Sak nr : 24/315539

Statens vegvesen.

Viser til sak nr 24/315539 – deres referanse 24/315538 - 42. Varsel om utviding av planområde.

Som grunneier av Verpe g.br 28/9 ønsker jeg å komme med ett innspill.:

Innspillet til planarbeidet er at det blir regulert inn nye avkjøringer på begge sider av Rv 36 på Herremo som tar høyde for både dagens og framtidig utvikling av området. Grunneiere på nordsiden av Rv36 kommer nå med innspill til rullering av kommuneplanen der området på nordsiden blir regulert til Kombinert formål – energianlegg næringsbebyggelse.

Mvh  
For Verpe g.br 28/9  
Kjetil Hynne  
901 86 720

**Fra:** "Vera Skarheim" <vera-sk@online.no>  
**Sendt:** torsdag 30. oktober 2025 11:14:37  
**Til:** firmapost@vegvesen.no  
**Emne:** Hønså bru, saksnummer 24-315539

Hei.

Jeg ( og mange flere ) vil gjerne ha adskilt gangbru over Hønså bru.

Den kan for eksempel være utformet slik som den gangbrua som er nærmere Bø, mellom gamle Emils auto og Sanda camping.

Dette er et meget sterkt ønske, fordi det er et behov;

- Det er eneste mulighet for å krysse elva her i nærheten.
- Det er mange barn som går her.
- Det er mye trafikk her.
- Det er mange hester som er i området her, og disse bruker dette stedet for å krysse elva.
- Det er ofte barn og ungdom som er ute med disse hestene.

Dette har skapt -, og vil helt sikkert skape både usikkerhet og farlige situasjoner i trafikken i fremtiden også.

- Det er også mange som krysser elva over brua her, fordi de er ute på tur, mosjonerer, sykler, går med barnevogn, går tur med hunder, og tar en tur på butikken etc.
- Folk føler seg utrygge i området Hønså bru.

I dette området har jeg selv har flere ganger opplevd å bli presset ut av veien, eller inn i autovernet, flere ganger.

På brua holdt mannen min på å bli påkjørt når han var ute med sykkel og hund.

Mitt syn er at biler ofte ikke tar nok hensyn til myke trafikanter.

Jeg ber dere om å ta hensyn til fastboendes ønsker og sikkerhet, og tar dette brevet på alvor.

Mvh  
Vera Skarheim

Sendt fra min iPad



VEST-TELEMARK  
PUKKVERK

## Vest Telemark pukkverk AS

Haugivegen 4 A  
3848 Morgedal

30.10.2025

Statens Vegvesen  
Drift og vedlikehold  
Ved Thorbjørn Holte  
Saksnummer: 24/315539

Hei, viser til planprosess på *Rv 36 Hønså bru, planID 202501 - Midt-Telemark kommune og Seljord kommune. Varsel om utviding av planområde – tilleggskunngjering med saksnummer: 24/315539*

Vi kan ikke se å ha fått tilsendt dette brevet. Dette stiller vi oss undrende til da Vest Telemark pukkverk er selskapet som har driftskonsesjon og drifter Verpe grustak.

Som kartet viser ønsker dere å utvide plangrensa i hele uttaksområde vårt der vi tar ut sand og naturgrus.

Vi har innsigelser til dette planområde da dette kommer i konflikt med vår næringsgrunnlag og har i den forbindelse noen avklaringer vi ønsker å avdekke.

- Hva er tenkt gjort i dette område.
- Hvorfor trenger dere dette område for å breddeutvide vegen?

Vi imøtekommer svar på våre spørsmål.

Med Vennlig Helsing

Styreleder Helge Andersen Byggland

Vest Telemark pukkverk AS



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Dato: 30.10.2025  
Vår ref: 25/02367-9  
Dykkar ref: 24/315539

## Fråsegn til varsel om utviding av planområde - Rv 36 Hønså bru, Midt-Telemark og Seljord kommune

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST [post@dirmin.no](mailto:post@dirmin.no)

WEB [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no)

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

### SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 3. oktober 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

### Om saka

Statens vegvesen varslar om utviding av planområdet for tidlegare varsla reguleringsplanarbeid for Rv. 36 Hønså bru. Bakgrunn for utvidinga er at det trengs meir areal enn fyrst antekte. Planområdet utvidast på 6 stader, som utgjer eit tilleggsareal på 173 daa.

### Fråsegn frå DMF

DMF viser til vår fråsegn til varsel om oppstart av planarbeidet for Rv. 36, datert 19.05.2025, der vi ga fagleg råd, varsla om eventuell motsegn. Vårt faglege råd vart stilt på bakgrunn av at området etter DMF si vurdering, rører ved viktige mineralressursar og to masseuttak i drift med driftskonsesjon, og at dette bør utgreiast i ei konsekvensutgreiing. I tillegg ga vi generelle råd om å legge opp til løysingar og avbøtande tiltak som sikrar vidare uttak av ressursen i dei eksisterande uttaka.

### Ny utvida plangrense

Den utvida plangrensa som no er lagt fram, representerer ei vesentleg endring frå det opphavlege planvarselet, som blant anna omfattar heile arealet for masseuttaket Herremo, utan at det er identifisert kvifor denne utvidinga er nødvendig. Etter DMF sitt syn krev ei slik endring ei tydeleg grunngeving, både med omsyn til formål, konsekvensar og samanheng med andre tiltak i planområdet. Vi kan heller ikkje sjå at det er gjort ei ny vurdering av konsekvensutgreiingsplikten for den utvida plangrensa.



DMF ventar at det i det vidare planarbeidet blir grunngeve for og avklart korleis uttaksområdet skal implementerast i reguleringsplanen. Dersom det er tenkt at massar frå uttaket skal nyttast i planarbeidet, eventuelt at uttaksområdet skal nyttast som mellombels massedeponi, må dette kome tydeleg fram av planforslaget. Derunder må det gjerast greie for korleis omsyn til pågåande drift i uttaket vil bli handtert. Ut frå det DMF kan sjå, står ikkje drivarane av verken Herremo eller Herremo Syd (Øveråslia) som mottakarar av varslingsbrevet. Drivarane av masseuttaka bør bli varsla og involvert i planprosessen. DMF har satt dei på kopi av dette brevet.

#### Opphavleg planvarsel

Opphavleg vurdering av konsekvensutgreiing la til grunn at planområdet ikkje rører ved viktige mineralressursar, ettersom registrerte førekomstar berre er registrert som lokalt viktige av NGU. Det var ikkje vurdert om planen kunne få konsekvensar for dei to uttaka med tildelt driftskonsesjon etter minerallova, som vart rørt av planområdet. Etter DMF sitt syn indikerer uttak av drivverdige mineral, at det ligg føre viktige mineralressursar. DMF vurderer dermed at uttak som er tildelt driftskonsesjon får vesentleg betydning for vårt saksområde. Mangel på konsekvensutgreiing av viktige mineralressursar i ein planprosess, kan i seg sjølv gje grunnlag for motsegn frå DMF. Dette med bakgrunn i at mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for føreseielegheit knytt til investeringar, uttak og opprydding.

Reguleringsplan for masseuttak og driftskonsesjon etter minerallova følgjer av behovet for byggeråstoff i kommunen og eigna bruk av ressursane. Der det er opna for uttak, bør ressursane utnyttast best mogleg, for å redusere behovet for å opne nye uttak. Dersom nødvendig driftsareal blir gjort utilgjengeleg, kan det i tillegg hindre optimal utnytting av ressursane, utover direkte økonomiske tap som følgjer av nedbygging av ressursgrunnlaget.

I etterkant av vår fråsegn til oppstart av planarbeidet, har DMF hatt dialog med forslagsstillar. Bakgrunnen for dialogen var at tiltakshavar Statens vegvesen bad forslagsstillar om å gjennomføre ei ny vurdering av konsekvensutgreiing på grunnlag av at planen rører ved masseuttak i drift. I dialogen vart det lagt fram ei ny vurdering av konsekvensutgreiing etter § 10 og vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar. Det vart gjort greie for at mindre enn halvparten av det opphavleg varsla planområdet ville bli vidareført i planforslaget, og at planarbeidet legg opp til å minimere konsekvensar for masseuttaket. På bakgrunn av dette oppretthaldt forslagsstillar vurderinga om at reguleringsplanen ikkje er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing. Det vart avklart at ny veg ikkje vil kome i direkte konflikt med konsesjonsgrensa, men at det kunne bli aktuelt med endring av tilkomst til masseuttaket Herremo, samt at vegetasjonsskjermen kunne bli redusert. I dialogen ga DMF vidare tilbakemelding om at det i reguleringsplanen må bli gjort greie for verknaden på omgjevnaden med omsyn til støy og støv frå uttaket på grunn av desse endringane.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du òg vår digitale kartløysning, som er eit nyttig



verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonssjef

Karoline Walsøe Egholm  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*  
Sakshandsamar: Karoline Walsøe Egholm

Mottakarar:  
Statens vegvesen

Kopi til:  
Herremo Pukk og Grus AS  
Verpe Grustak AS

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

saksnr.  
Dykkar ref: 24/315539  
Vår ref: 2025/91323  
Dato: 30.10.2025

## Uttale til varsel om utviding av planområde for Rv 36 frå Verpe til Mannheimsstrondi

Vi viser til tilleggskunngjering til arbeid med detaljreguleringsplan for Rv36 frå Verpe til Mannheimsstrondi, med varsel om at planområdet utvidast på 6 stader langs vegstrekninga. Ref. saksnummer 24/315539.

### Vår rolle

Mattilsynet er statleg sektorstyresmakt for plantehelse, fiskehelse- og velferd, dyrehelse- og velferd, mat og drikkevatn. Som høyringsinstans skal vi bidra til å ivareta nasjonale og regionale interesser innan våre forvaltningsområder.

### Saksopplysningar

Statens vegvesen utarbeider detaljreguleringsplan for Rv 36 frå Verpe til Mannheimsstrondi. Strekninga er på om lag 3,3 km. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ny bru over Bjønndøla og gode planløysingar på begge sider av vassdraget, og utbetring av strekninga elles til 9,0m vegbreidde.

Bakgrunnen for utvidinga av plangrensa er at det er behov for meir areal enn fyrst anteke.

Vi gav uttale til oppstartsvarselet, datert 29. april 2025, der vi skrev at "skildring og føresegner i reguleringsplanen må ta fleire omsyn, både til plantehelse, drikkevatn, dyrehelse/dyrevelferd

og fiskehelse/fiskevelferd hos akvatiske dyr. Til denne tilleggskunngjeringa uttaler vi oss berre om drikkevatn.

## **Mattilsynets uttale til utviding av planområdet**

---

### **Konklusjon**

Dei to største utvidingane av planområdet påverkar drikkevassforsyninga til Bø vassverk i mykje større grad enn før.

Mattilsynet kan ikkje tilrå at planområdet blir utvida på desse to stadene.

Dersom Statens vegvesen meiner utvidingane er naudsynte, må de:

- dokumentere at aktiviteten er i tråd med føresegnene for beskyttelse av Bø vassverk Herremo
  - få vassverket si uttale, og ta omsyn til deira innspel og krav
  - vise korleis de skal unngå auka fare for forureining av drikkevassforsyninga
- 

### Bakgrunn for uttalen:

Bø kommune hentar drikkevatnet sitt frå grunnvassbrønner på Herremo i Øvre Bø. Rv 36 går i dag langs brønnområdet, og planområdet til vegstrekninga er innanfor omsynssonene til drikkevassforsyninga til Bø vassverk.

Det er no varsla seks utvidingar av planområdet. Vår uttale gjeld dei to største utvidingane, fordi dei påverker omsynssonene til Bø vassverk i mykje større grad enn før. Den eine endras frå å omfatte eit område på begge sider av vegstrekninga til no å omfatte heile brønnområdet på Herremo. På den andre sida av vegen ved brønnområdet skal planområdet utvidast der det går ei viktig hovudvassleiing opp mot vassverket. Det står ikkje noko i varselet om årsaka til utvidinga akkurat i dette området, utover at "det er behov for meir areal enn fyrst anteke".

### Aktuelt regelverk og kommunale føresegner for beskyttelse av drikkevassforsyninga til Bø vassverk

Mattilsynet forvaltar [drikkevassforskrifta](#) (forskrift om vannforsyning og drikkevann FOR-2016-12-22-1868). I planarbeidet er ansvarsområdet vårt knytt til å verne eksisterande og framtidige drikkevasskjelder, og til å sikre nok og trygt drikkevatn til innbyggjarane.

Alle drikkevasskjelder skal vernast mot forureining i heile vasstilsigsområdet og i kjelda. Dette er omtalt i drikkevassforskrifta §4. Vassverkseigar skal sikre at drikkevatnet vernes mot forureining (jf. drikkevassforskrifta § 12) og kommunen skal ivareta drikkevassomsyn i føresegner, samt når den gir løyve etter relevant regelverk (jf. drikkevassforskrifta § 26). I tilfelle der det er fastsett beskyttelses tiltak etter drikkevassforskrifta § 12 eller rådighetsbegrensninger etter § 26, gjeld forbodet mot forureining brot på desse.

For å verne vassforsyninga mot forureining har Bø kommune gjennom områdereguleringsplan for Herremo regulert omsynssone for drikkevasskjelda som forbyr aktivitet som kan ureine drikkevatnet. Omsynssona som er regulert i områdereguleringsplan for Herremo er også lagt inn som omsynssone i kommuneplanen. I føresegnene til omsynssona visast det til føresegnene i områdereguleringsplanen.

I føresegnene knytt til sikring av område for grunnvassforsyning står det at *“Sikringssonene rundt inntaksbrønnane for grunnvassverket er delt i tre soner med sone 0 inst og sone 2 ytst. Restriksjonar er ført opp sonevis slik at restriksjonar for ei sone og gjeld soner som ligg innan for. For heile influensområdet gjeld krav til spesiell aktsemd knytt til alt som kan påverke grunnvatnet.”*

Utviding av planområdet i brønnumrådet omfattar sikringssone 0 og 1, mens utviding på andre sida av vegen omfattar sikringssone 2.

Innafor sone 1 (indre sone) gjeld blant anna følgjande restriksjonar: *“7. Nye bygg, campingplassar og vegar er forbode”* og *“8. Utanom areal regulert til vegformål gjeld forbod mot bruk av motorkøyrety utover det som er naudsynt for drift av masseuttak og eksisterande landbruksareal.”* I områdereguleringsplan Bø vassverk Herremo er det berre regulert inn reguleringsformål “køyreveg” langs nåverande Rv 36.

Sone 0 tilsvarer arealføremålet ”vassforsyningsanlegg”. I føresegner knytt til arealformåla står det i *“8. Vassforsyningsanlegg (§ 12-7 nr 1-3 og 10): Innanfor området gjeld restriksjonane for sikring av område for grunnvassforsyning, punkt 1 – 15 over, og elles alle aktivitetar som ikkje er forbunde med drift av vassverket.”*

#### Vår vurdering

Ein veg i omsynssone til ei drikkevassforsyning medfører risiko for forureining av drikkevassforsyninga, både i anleggsfasen og i driftsfasen. I ein anleggsfase vil til dømes nitrogen fra sprengstoffrester, avrenning av organisk materiale etter fjerning av vegetasjon/skog og uhells spill av drivstoff og oljeprodukter frå anleggsmaskiner vere aktuelle kjelder til forureining. I driftsfasen kan til dømes ei ulukke på Rv36 gjennom området føre til utslepp av olje, kjemikaliar e.l. innanfor omsynssona til grunnvassmagasinet. Salting av Rv 36 kan og føre til forureining av brønnane.

Grunnvassmagasiner er svært sårbare for kjemikalier, då det kan ta svært lang tid (år) å fornye alt vann og vaske ut tilført kjemisk forureining frå hele infiltrasjonsområdet. Eit utslepp av drivstoff eller andre miljøfremmede stoff kan difor gjere vatnet ubrukeleg i svært lang tid. Det er allereie ei utfordring med Rv 36 i omsynssona, men for å verne drikkevassforsyninga mot auka fare for forureining er det svært viktig at det ikkje opnas for ny aktivitet i nærområdet til drikkevasskjelda.

Den eine utvidinga av planområdet opnar for aktivitet i nærområdet til grunnvassforsyninga. Det står ingenting i varselet om kvifor planområdet skal utvidast til å omfatte heile brønnområdet. Føresegnene forbyr det meste av aktivitet i sone 0, og i sone 1 er det ikkje tillate med ny veg eller bruk av motorkøyrety. Det vil dermed være eit brot på føresegnene å legge om vegstrekningen inn i dette området.

Utvidinga på andre sida av vegen har ikkje desse konkrete føresegnene, men for heile influensområdet gjeld krav til spesiell aktsemd knytt til alt som kan påverke grunnvatnet. Her er vi spesielt bekymra for at utvidinga kan føre til auka risiko for skade på ei viktig hovudvassleiing.

Med tanke på beskyttelse av drikkevassforsyninga, meiner vi at desse to utvidingane av planområdet bør fjernas. Dersom Vegvesenet kan argumentere for at utvidingane ikkje medfører auka fare for forureining av vassforsyninga, kan vurderinga vår endrast.

Vi ber difor om at de vurderer behovet for desse utvidingane på nytt, og at vassverket får uttale seg, slik det står i føresegnene. Planområdet kan berre utvidast desse to stadene dersom de kan vise til at aktiviteten i utvida planområde er i tråd med føresegnene og vassverket er einig i utvidinga.

Med helsing  
Mattilsynet, tilsynet

Vibeke Hellerslien  
seniorinspektør

Chi Thuy Le  
seniorrådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved



STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Lene Ottersen, 33 37 11 91

## Standardisert fråsegn - utviding av planområde - reguleringsplan - Midt-Telemark - Seljord - detaljregulering for Rv 36 Manheimsstrondi - Hønså bru - planID 202501

Vi viser til oversending av varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan datert 03.10.2025. Vi viser òg til varslingsbrev frå 04.04.2025, og vår fråsegn til denne av 12.05.2025.

### Om Statsforvaltarens standardiserte fråsegn

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har for tida stor pågang av saker. På grunn av begrensa kapasitet har vi dessverre ikkje kunna gjere konkrete vurderingar av dette reguleringsvarselet. Vi sender derfor ei standardisert fråsegn med nasjonale interesser som vi forventar blir varetatt i det vidare planarbeidet. **Den standardiserte fråsegna har gjennomgått ei vesentleg oppdatering med nye føringar i juni 2025.** Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga. Dersom det er konkrete forhold ved ein plan som kommunen ønskjer at Statsforvaltaren skal ta stilling til, ber vi om at de kontaktar oss, så vil vi sjølvstendig hjelpe til med det. **Ny standardisert fråsegn vil erstatte tidlegare fråsegn av 12.05.2025, og gjelder for heile planområde inkludert utvida planområde.**

Vi ber om å få planforslaget oversendt til offentleg ettersyn.

### Rolla til Statsforvaltarens fagavdelingar

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021, som inntil vidare blir vidareført med Vestfold/Telemark fylkeskommune. Avtalen inneber at fylkeskommunen tar vare på interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med barn og unge sine interesser.



## Nasjonale interesser som må følgjast opp i planlegginga

Under følgjer ei forenkla oversikt over nasjonale interesser som vi forventar blir varetatt i planlegginga. Ikkje alle omsyna vil vere relevante i den enkelte saka.

### Vi minner særskilt om at følgjande nye styringsdokument må leggjast til grunn i planlegginga:

- **Statlige planretningslinjer for klima og energi (20.12.2024)**
- **Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (24.01.2025)**
- **Oppdatert rundskriv T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis (revidert 26.05.2025)**

#### Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet

Ny SPR for arealbruk og mobilitet (2025) må leggjast til grunn i planarbeidet. Retningslinjene skil mellom kommunar i regionar med større byar (sjå kap. 4) og kommunar i regionar med små og mellomstore byar, bygdebyar og småsenter (sjå kap. 5). Vi minner likevel om at kapittel 1–3 og 6–8 gjeld for alle kommunar, og at alle kommunar skal samordne utbyggingsmønster og transportsystem for å oppnå løysingar som er arealeffektive, avgrensar transportbehovet og legg til rette for kollektivtransport, sykling og gange, samt fortetting rundt knutepunkt. Nye utbyggingsområde skal lokaliserast slik at dette blir oppnådd. Kapittel 3 inneheld felles føringar for dette, samt for ei rekkje ulike fagområde.

Retningslinjene legg stor vekt på at fortetting og transformasjon av utbyggingsområde skal vurderast og utnyttast før nye utbyggingsområde blir sett av og tekne i bruk. Vi viser mellom anna til punkt 3.10, der det heiter at «muligheten for å bygge innenfor eller i tilknytning til eksisterende byggeområde skal kartlegges og utnyttes før det vurderes å ta i bruk [LNFR-områder] og grøntområder til utbyggingsformål». Miljøavdelinga vil legge vekt på at dette blir følgt opp.

#### Statlige planretningslinjer for klima og energi

Ny SPR for klima og energi (2024) må leggjast til grunn i planarbeidet. Retningslinjene stiller ei rekkje nye krav knytt til klima i kommunens planlegging. Vi viser særleg til kapittel 4.3 om ivaretaking av klima i arealplanlegginga. Kommunen skal legge vekt på reduksjon av klimagassutslepp i arealplanlegginga, og skal vurdere om tiltak som har negativ klimaeffekt kan unngåast, flyttast eller forberast. Når det blir planlagt større utbyggingsområde, skal det vurderast om det kan produserast fornybar energi på området, og desse energitiltaka må løysast på allereie nedbygde areal/i kombinasjon med andre utbyggingsføremål. Kommunane skal legge til rette for utnytting av lokale varme- og kjølekjelder, inkludert overskotsvarme. Planomtalen og saksframlegget skal vise korleis nasjonale omsyn til klimagassreduksjon, klimatilpassing og energi er varetatt.

#### *Nedbygging av karbonrike areal skal unngåast*

I retningslinjene punkt 4.3 e heiter det:

*Planmyndigheten skal ha oversikt over hvilke arealer som er betydelige karbonlagre, på land og i sjø. Omdisponering og nedbygging av karbonrike arealer, inkludert myr, tidevannssump og andre typer våtmark og skog, skal unngås så langt som mulig, slik at arealenes evne til lagring og opptak av karbon opprettholdes. Alternative arealer skal vurderes, og konsekvenser skal belyses.*

Statsforvaltaren si miljøavdeling vil legge vekt på at dette blir følgt opp, inkludert kravet om vurdering av alternative areal. I tillegg til myr og våtmark understrekar vi at særleg skog med høg og svært høg bonitet no må reknast som å vere av nasjonal interesse ut frå eit klimaperspektiv. Omdisponering av karbonrike areal kan gi grunnlag for motsegn frå miljødirektøren.



Vi viser også til punkt 3.6 om klimagassreduksjonar, karbonopptak og karbonlagring i revidert rundskriv T-2/16.

### Landbruk

Jordvern som nasjonal interesse har fleire gonger blitt styrkt dei siste åra. Omdisponering av dyrka jord må unngåast. Dette gjeld fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Jordvernet inkluderer dyrkbar jord, som også må varetakast. Det må vidare sikrast tilstrekkeleg buffersone mot dyrka og dyrkbare areal. Vi viser til det nye rundskrivet M-1/2025 om nasjonale jordverninteresser. Jf. punkt c i rundskrivet kan landbruksdirektøren komme til å vurdere motsegn også til omdisponering av dyrka/dyrkbar jord som er avsett i overordna planar, dersom det har komme nye relevante styringsdokument etter at desse planane vart vedtekne.

### Naturmangfald

Planen må vareta naturtypar og artar av nasjonal og vesentleg regional interesse. Kva dette omfattar, går fram av punkt 3.8 i rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis*. Eksisterande registreringar av artar og naturtypar finst mellom anna i Miljødirektoratets Naturbase. Planen må også vareta omsynet til verneområde, samanhengande naturområde med urørt preg og geologisk naturmangfald. Det må sikrast tilstrekkelege buffersoner mot viktige naturførekomstar. Mot naturtypar i skog bør det sikrast ei buffersone som minst svarar til høgda på utvaksne tre i området.

Dersom det ikkje ligg føre naturtypekartlegging innanfor planområdet, bør dette gjennomførast i samband med planprosessen. Vi forventar at det blir gjennomført kartlegging dersom planområdet har potensial for naturverdiar av nasjonal interesse. Dette kan til dømes vere dersom det finst eldre skog, førekomstar av edellauvskog, kalkgrunn, eller dersom det er registrert viktige naturverdiar i nærliggande område. Ny kartlegging må gjennomførast etter NiN-metoden. Manglande kartlegging kan gi grunnlag for motsegn frå miljødirektøren. Resultata frå kartlegginga må leggest til grunn for planforslaget, og naturverdiar av nasjonal og vesentleg regional interesse må varetakast.

I nokre saker kan det også vere behov for kartlegging av artar. Dette må vurderast konkret i den enkelte saka. Vi viser til [vårt brev](#) til kommunane i Vestfold og Telemark datert 12.05.2025.

Ved nærleik til verneområde må omsynet til desse bli tilstrekkeleg utgreidd og vareteke.

Eventuelle hole eiker (etter forskrift om utvalde naturtypar) må varetakast og sikrast i planen med ei omsynssone med radius på 15 meter frå senter av stammen. Innanfor omsynssona må det unngåast bygge- og gravetiltak, påfylling av massar, køyring med tunge maskiner og anna som kan skade eika.

### Samfunnstryggleik

Alle planar skal ha ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) som viser alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsføre mål, og eventuelle endringar i slike forhold som følge av den planlagde utbygginga, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Resultata frå ROS-analysen skal leggest til grunn for planforslaget. Område med risiko og sårbarheit skal merkast av i planen som omsynssone. Utgreiing av farar og tiltak mot farar kan ikkje skyvast til byggesak.

### Klimatilpassing og overvatn

Det må i planlegginga takast omsyn til forventa framtidige klimaendringar, som blant anna kan gi auka utfordringar knytt til overvatn, flaum, erosjon og skred. Betydninga av grønne område og intakt natur for klimatilpassing må vektleggast, og naturbaserte løysingar for overvatnshandtering må vurderast. Vi viser til nye *Statlige planretningslinjer for klima og energi* og punkt 3.7 om klimatilpassing



i revidert rundskriv T-2/16. Vi viser også til nytt punkt 3.4 om overvatn i T-2/16. Planforslaget må sikre løysingar for handtering av overvatn.

#### Massehandtering

Vi viser til nytt punkt 3.5 om massehandtering i revidert rundskriv T-2/16. Der heiter det at motsegn skal vurderast når planforslag som opnar for større bygge- og anleggstiltak ikkje i nødvendig grad avklarar omfang og vurderer moglegheita for gjenvinning av overskotsmassar, eller sikrar areal til handtering av massane; samt dersom planforslaget inneber bruk eller flytting av massar som kan innehalde skadelege framande organismar, jf. forskrift om framande organismar § 24 fjerde ledd, og planforslaget ikkje i nødvendig grad hindrar dette.

#### Støy

Vi føreset at *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021) blir lagt til grunn for planarbeidet, og at omsynet til støy blir tilfredsstillande utgreidd og varetatt i samsvar med retningslinja. Dette gjeld både ved planlegging av ny støyfølsam utbygging, og ved tilrettelegging for ny støyande verksemd. Støy i anleggsfasen må også varetakast.

#### Forureina grunn

Planen må ta omsyn til kunnskap om forureina grunn (Grunnforurensningsdatabasen) eller mistanke om dette, og kva type forureining det er. Område med forureina grunn skal visast med omsynssone. Ved ny arealbruk i område med forureina grunn må det gjennomførast miljøtekniske undersøkingar og risikovurdering. Helse- og miljøstyresmaktene rår ifrå bygging på deponi med gassdanning og i randsona til desse, sjå Miljødirektoratet si rettleiing M-1780 *Bygging på nedlagte deponi*. Vi viser vidare til punkt 3.3 om grunnforureining i revidert rundskriv T-2/16, inkludert nytt punkt knytt til transportveggar for overvatn i område med forureina grunn.

#### Vassdrag og vassmiljø

I 100-metersbeltet langs vassdrag skal det takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Vi minner også om plikta til å ta vare på kantvegetasjon langs vassdrag, jf. vassressurslova § 11 og punkt 3.14 i revidert rundskriv T-2/16.

Vassførekomstar skal beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettast med sikte på at dei skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vi viser til miljømåla i vassforskrifta §§ 4 og 5, samt § 12. Vi viser også til regional vassforvaltningsplan.

For verna vassdrag må *Rikspolitiske retningslinjer for vernede vassdrag* leggest til grunn i planlegginga. Omsyna i punkt 3 i dei rikspolitiske retningslinjene må leggest til grunn innanfor område for verna vassdrag, og gjeld for hovudelver, sideelver, større bekkar, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidde langs sidene av desse, jf. punkt 1.

#### Avløp

Avløpsvatn frå planområdet må giast tilfredsstillande reinsing, slik at det ikkje fører til forureining eller forringar vassførekomstar. Avløpsreinsanlegg det er aktuelt å kople seg til, må overhalde krav til reinsing og andre krav etter forureiningsregelverket, og ha nok kapasitet til planlagt utbygging.

#### Friluftsliv

Planen må vareta område klassifisert som viktige eller svært viktige friluftsområde, jf. Miljødirektoratets Naturbase, samt andre område som er vurderte å ha nasjonal eller viktig regional betydning som friluftsområde. Planen må sikre allmennheitas tilgang til viktige friluftsområde, område langs sjø og vassdrag og stiar/løyper, og ta vare på ferdselsårer med nasjonal eller vesentleg



regional betydning for friluftsliv. Planforslaget må ikkje kome i konflikt med område i og over skoggrensa i fjellområda. Vi viser til punkt 3.12 i revidert rundskriv T-2/16.

#### Andre nasjonale interesser

I planarbeidet må det også takast omsyn til:

- Landskap, jf. plan- og bygningslova § 3-1 bokstav b, Europarådets landskapskonvensjon og punkt 3.11 i rundskriv T-2/16
- Lokal luftkvalitet, jf. *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging*, T-1520/2012
- Universell utforming, jf. plan- og bygningslova § 1-1
- Storulukkeverksemdar, jf. avsnittet om samfunnstryggleik og punkt 3.16 i rundskriv T-2/16
- Gravplassar, jf. gravplasslova, gravplassforskrifta, rundskriv Q-06/2020 og rettleiaren *Gravplassrådgivingen*
- Barn og unges interesser, jf. *Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging* og rundskriv T-2/08 *Om barn og planlegging*

Med helsing

Lene Ottersen  
fungerande plansjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

MIDT-TELEMARK KOMMUNE	Bøgata 67	3800	BØ I TELEMARK
SELJORD KOMMUNE	Brøløsvegen 13A	3840	SELJORD
TELEMARK FYLKESKOMMUNE	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL